



Bjørn Olav Tveit og Bjarte Døsland er 2 av dei 4 i arbeidsgruppa i Dialogforumet, ein av underskrivarane av brevet om stadanalysen. Dei andre i gruppa er Sigurd Børve og Steinar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Styret i Uskedalen Utvikling og den nye arbeidsgruppa for Dialogforumet har i dag sendt eit brev til dei politiske partia om utarbeiding av ein stadanalyse for Uskedalen. Under møtet i Gamleskulen i går kveld var deltakarane sams om at dette skulle skje.**

Det blir i brevet vist til kommunal handlingsplan for 2011/2014 om aktiv satsing på sentrumsutvikling og næringsutvikling. Det blir vist til at gjennomføring av planar for Uskedalen sentrum og Sunde sentrum er starta opp og fleire prosjekt realisert.

Brevet viser ellers til at eit samla møte måndag kveld ynskjer at det vert starta arbeid med stadanalysen for Uskedalen slik det før har vore gjort for bygdene Rosendal, Sunde, Husnes og i Mauranger.

- Ein stadanalyse vil vera eit teneleg verkty i det vidare arbeid med bygde- og sentrumsutvikling i Uskedalen, blir det understreka.

Underskrivarane bed difor kommunen ta hand om dette som prosjekteigar og at det vert avsett midlar i budsjettet for 2011 til konsulent. Kostnaden er rekna til om lag 250.000 kroner.

- Uskedalen er klar for dette og vil gjera sitt til at arbeidet med prosess og gjennomføring vert vellukka, heiter det i brevet til politikarane.

Av Ola Matti Mathisen